



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 16, 28. april 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Bachmann ny professor ved Høgskulen i Volda

Førsteamanuensis [Kari Bachmann](#) har fått personleg opprykk til professor i pedagogikk. Bachmann har nett teke til på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for pedagogikk.

[**LES MEIR**](#)

Sætre vert ny leiar på Nynorsksenteret

Synnøve Marie Sætre har vorte tilsett som leiar for [Nynorsksenteret](#) ved Høgskulen i Volda etter [Torgeir Dimmen](#) som skal gå av med pensjon. Sætre er frå Ørsta og har tidlegare vore leiar i Norsk målungdom og er i dag nestleiar i Noregs mållag.

[**LES MEIR**](#)

Studium og studentliv:

Studenttala hausten 2022: Færre søkerar - journalistikk mest populært

Søkartala for Samordna opptak for 2022 tyder på at det blir færre studentar ved Høgskulen i Volda hausten 2022 enn det har vore dei siste åra. I samordna opptak er det ein minke i søkartala i heile landet, og for Høgskulen i Volda sin del minkar søkartala med nesten 20 prosent. Det er også ein minke i søkartala til lokalopptaket. Konkurransen er framleis hard om plass på dei mest populære studia: Journalistik, friluftsliv, sosionom og barnevern. Høgskulen i Volda har dei siste åra hatt rekordmange studentar. Det var over 4.500 studentar både i 2020 og 2021. [Les meir om søkartala på nettsidene våre](#). Sjå også [innslag i NRK Møre og Romsdal om søkartala](#).

Kvalitetssystemet til Høgskulen i Volda vart godkjent

Kvalitetsorganet NOKUT har som venta [godkjent kvalitetssystemet ved Høgskulen i Volda](#). Det skjedde på styremøte i NOKUT 22. april. Høgskulen fekk i første omgang i 2021 ikkje godkjent arbeidet med periodiske evalueringar av studia. Dette er no ordna. [Les pressemelding frå NOKUT i saka](#). Nettavisa [Khrono har også omtala saka](#).

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegatarlasagne med spinat og feta/aspargessuppe med grøn karri og kokos

Tysdag: Seibiff med løk og råkostsalat/gulrotsuppe

Onsdag: Biffgryte med heimelaga potetmos/tacosuppe

Torsdag: Ball med tilbehør/karrisuppe med kylling

Fredag: Tacobuffé

Gratis eksamensgraut i denne og neste veke

Studentar med eksamensnervar og/eller minkande studielån kan få påfyll i form av gratis eksamensgraut i denne og neste veke. Grautserveringa starta tysdag 26. april og studentane sette til livs ca. 100 porsjonar. Grautserveringa skjer frå kl 9-11 denne veka og mellom klokka 8-10 i komande veka.

Studieplassar for ukrainske flyktningar

Høgskulen i Volda ønskjer å tilby studieplassar til ukrainske flyktningar på studiet Norsk for internasjonale studentar og på fire engelskspråklege studietilbod på Avdeling for mediefag. Dette går fram av eit brev som Høgskulen har sendt til HK Dir som gir råd om tildeling av studieplassar til Kunnskapsdepartementet. Til saman tilbyr høgskulen å opprette 35 studieplassar: 10 på NIS, 5 på

Master in media practices og 20 på tre engelskspråklege emne på AMF (webdokumentar, foto og design).

Pensumlister for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjar haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

Styre og stell

Høgskulestyret har møte 5. mai

Høgskulestyret har neste møte torsdag 5. mai. Møtet blir som vanleg overført på video. [Sakspapira blir tilgjengelege på nettsidene våre i løpet av torsdag 28. april.](#) Blant sakene som står på dagsorden er blant anna tilsetting av mellombels direktør, Styret skal drøfte leiingsmodell på høgskulen - tilsett eller vald rektor - på bakgrunn av ein høyringsrunde. Styret skal også drøfte framlegg til strategisk handlingsplan for høgskulen - også på bakgrunn av ein høyringsrunde.

Høgskulestyret: To aktuelle som mellombels direktør

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen sluttar 1. august. Det er styret som skal tilsette direktør. Høgskulestyret valde i førre møte å utsette utlysing av stillinga som høgskuledirektør til det er vedtatt kva styringsmodell Høgskulen i Volda skal ha. Men uansett trengst det mellombels direktør frå 1. august 2022. For å få raskt på plass mellombels direktør vedtok styret at stillinga ikkje skulle lysast ut, men sette ned eit innstillingsutval som fekk i oppdrag å ta direkte kontakt med aktuelle kandidatar og lage innstilling på vanleg måte som grunnlag for eit tilsetjingsvedtak i styret. Innstillingsutvalet har no gjort si vurdering og innstiller overfor høgskulestyret at anten studiedirektør Ann-Kristin Emblem eller professor Per Helse vert tilsett som mellombels direktør. Høgskulestyret tilset mellombels direktør på møtet 5. mai.

Bygging av symjehall: Delar av høgskuleområdet blir byggeplass

Volda kommune har starta planlegging av bygging av symjehall og har teke kontakt med Høgskulen i Volda og spurt om å få bruke delar av plenen mellom Berte Kanutte og elva mot idrettshallen Volda

Campus Sparebank1 Arena som riggområde i byggetida. Det er også aktuelt å bruke alle parkeringsplassane mellom Berte Kanutte-huset og idrettshallen som riggområde i byggetida.

Vil flagge under Bygdepride

Høgskulen i Volda kjem til å flagge med "Regnbogeflagget" under Bygdepride-festivalen 7.-15. mai.
[Her er nettsidene til Bygdepride.](#)

Fag og forsking

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](#).

Rekordmange stipendiatar - brems i nyttilsettingar

Høgskulen i Volda vil i løpet av 2022 truleg kome opp i ca. 50 doktorgradsstipendiatar. I tillegg er det ca. 10 andre tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt innanfor andre ordningar på Høgskulen i Volda. [Her er oversyn over alle doktorgradsprosjekta ved Høgskulen i Volda](#). I 2022 og kanskje også i 2023 vil det truleg ikkje vere kapasitet eller budsjett til å tilsette stipendiatar utanom på høgskulens fellesgrad i helse- og sosial der det etter avtalen med Høgskolen i Molde skal tilsettast 2-3 stipendiatar frå Volda kvart år. Høgskulen har i dag ca. 60 førsteamanuensar og ca. 20 professorar.

Støtte til dokumentarfilm: "Redaktøren". Produsent: Andre Folkestad

Vestnorsk filmsenter har tildelt produksjonsselskapet Filmmakeriet kr 170.000 i utviklingsstøtte til ein film med arbeidstittel "Redaktøren". Produsent vert [Andre Folkestad](#), som er tilsett som førstlektor på Avdeling for mediefag, regi og manus er ved Ingrid Ese. Og den aktuelle redaktøren er Magne Jonny Krumsvik, redaktør i lokalavisa Midsundingen og tidlegare mediestudent. [Les meir om prosjektet på nettsidene til Vestnorsk Filmsenter](#).

Mediefag 50 år: Festtale og attersyn

Avdeling for mediefag har markert sine første 50 år med seminar om ytringsfridom, festmiddag og mimredag for tidlegare studentar og tilsette. [Les Endre Eidsaa Larsens festtale](#) og førstekull-student

Kjetil Tandstad sitt attersyn på rektorbloggen. Jubileet vart også omtala i leiarartikkel i Sunnmørsposten under tittelen "Framtidsretta medieutdanning".

FoU-stipend for 2023: 13 tilsette har fått FoU-stipend

Forskningsutvalet har i siste møte tildelt 13 tilsette FoU-stipend for 2023. 3 stipend har gått til tilsette som er inne i professor-/dosentstipendløp: Silje Dahl (ASH), Stig Helset og Gudrun Kløve Juuhl (begge AHL). 3 tilsette har fått stipend fordi dei er inne i ordninga med 5-årige ph.d.-prosjekt: Marit Brekke, Sofie Holmen og Jostein Garcia de Presno (alle AHL). Sju andre tilsette har fått "opne" FoU-stipend: Gro Anita Bårdseth og Kari Hasle (begge ASH), Liv Ingrid Aske Håberg og Hilde Ospal (begge AHL), Stein Helge Solstad og Marit Ulvund (begge AKF) og Dag Roland (AMF).

Inviterer til førstelektorkvalifisering - søknadsfrist 1. mai

Alle høgskulelektorar på Høgskulen i Volda har fått invitasjon til å söke på ei ordning for kvalifisering til førstelektor. Dei som blir med på ordninga får invitasjon til fire samlingar - tre halvdagssamlingar og ei to-dagarssamling med informasjon om ordninga og hjelp til å planlegging av å gå førstelektoriøyna. Søknadsfristen er 1. mai, og her er lenke til søkeradsskjemaet.

Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 23. september 2022. Her er informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar.

Forskningsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søkeradssfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. Les meir om såkornmidlar og søkeradsskjema.

Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å söke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å sökje. Vilkåra for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre.](#)

11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskrarar ved Høgskulen i Volda kan söke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpende og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpende søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.


Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskningsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)



Stemma og stilla i musikk og litteratur

Geir Hjorthol, Helga Synnevåg Løvoll,
Elizabeth Oltedal og Jan Inge Sørbø (red.)

Festskrift til Magnar Åm: "Stemma og stilla i musikk og litteratur."

Fire tilsette på AHL, AKF og ASF har redigert antologien «Stemma og stilla i musikk og litteratur» som er eit festskrift til 70-åring professor Magnar Åm. Publikasjonen er nr. 43 i skriftserien Religionsfag Profil. Boka er fritt tilgjengeleg som "Open tilgang" bok.

Festskrift til Magnar Åm (2): Redigert av Hjorthol, Løvoll, Oltedal og Sørbø - mange bidragsytarar frå HVO

Dei tre redaktørane for festskriftet til Magnar Åm er professor Geir Hjorthol, professor Helga Synnevåg Løvoll, førstelektor Elizabeth Oltedal og professor Jan Inge Sørbø, og dei har også skrive forordet og eit innleiingskapittel i boka.

Her er bidraga frå HVO-tilsette i boka:

Geir Hjorthol, Helga Synnevåg Løvoll, Elizabeth Oltedal, Jan Inge Sørbø: "Meininga i mellomromma: Ei innleiing"

Lars Amund Vaage og Geir Hjorthol: «Stilla i musikk og litteratur»

Geir Hjorthol: «Å lytte til romanens røyst: Dag Solstads Ellevte roman, bok atten»

Jan Inge Sørbø: «Stilla, torevêret og rugda sitt språk: Musikken i Vesaas' Fuglane»

Magnar Åm: «Kva lokkar meg i romanen Fuglane til å bygge ein opera over den?»

Stein Helge Solstad: «Frå intuisjon til handling – å skapa i sanntid»

Wenche Torrisen og Helga Synnevåg Løvoll: «Å skape noe nytt som har verdi: Betydningen av kreativitet for økt livskvalitet»

[Erik C. Fooladi](#) og Andreas Barth: «Flere ting på en gang? Pluralisme i lydlig erfaring og utøvelse»
[Øystein Salhus](#): «Å lytte er å skape – å skape er å lytte: Musikkopplevelse og selvforståelse gjennom musikkterapi»

[Elizabeth Oltedal](#): «Eit dobbelt privilegium – mål og meining i eit uvanleg bygdekor»

[Gunnar Strøm](#): «Magnar Åm – ei stemme i Volda og verda»

[Kirsti Langstøy](#): Bibliografi og ei verkliste over tekstar og musikk av Magnar Åm.

Festskrift til Magnar Åm (3): Tre forskingsgrupper og eksterne forskarar har vore involverte

Festskriftet er eit resultat av arbeidet i følgjande forskingsgrupper ved HVO: [Forskningsgruppa for litteratur og musikk](#), [Forskningsgruppa for skapande læringsprosessar i musikk](#), og forskningsgruppa for [kultur og helse](#). I tillegg til forfattarane frå HVO er det også bidragsytarar frå Høgskulen på Vestlandet, Norges musikkhøgskole og Universitetet i Bergen.

Rapport frå Roar Amdam: Samskapt berekraft

[Professor Roar Amdam](#), ASH, har skrive ein rapport med tittelen: "Samskapt berekraft. Ein modell for samarbeidsdriven planlegging og innovasjon som fremmar institusjonell handlingskapasitet og demokratisk legitimitet." [Rapporten er tilgjengeleg på nettsidene til Høgskulen i Volda](#).

Notat frå Bjarte Folkestad: Folkerøysting - Haram kommunedel ut av Ålesund kommune?

[Professor Bjarte Folkestad](#), ASH, har skrive eit notat med tittelen: "Folkerøysting - Haram kommunedel ut av Ålesund kommune? Fordeling av førehandsrøyster i valkrinsane Vatne og Tenfjord og Søvik og Grytastranda". [Notatet er tilgjengeleg på nettsidene til Høgskulen i Volda](#).

Fooladi om visuelle stereotypiar av forskarar

[Førsteamanuensis Erik Fooladi](#), AHL, har i eit debattinnlegg i Morgenbladet under overskrifta "Visuell akademisk stereotypi av Kierulf-utvalgets ytringsvettregler". [Debattinnlegget er tilgjengeleg som +sak](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse (fast stilling) - søknadsfrist 28. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.8.2022. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse (vikariat) - søknadsfrist 28. april

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Seniorkonsulent/rådgivar ved Internasjonalt kontor - søknadsfrist 8. mai

Høgskulen i Volda lyser ut eit vikariat i Studieadministrasjonen med arbeidsoppgåver innan internasjonalisering og utveksling. Stillinga er knytt til Internasjonalt kontor og er ledig frå 1.8.2022. Internasjonalt kontor er eit lite team med tre faste stillingar som jobbar med inn- og utreisande utveksling, internasjonale avtalar og program, m.m. I tillegg inneheld teamet 2 studentmedarbeidarar i Pangaia, møtestad og sørviskontor for internasjonale studentar.

Den utlyste stillinga vil ha hovudansvar knytt til utreisande utveksling.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis/Førstelektor/høgskulelektor i animasjon - søknadsfrist 9. mai

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig eit vikariat i 100% stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskolelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 1.8.2022 - 31.07.2023. Oppstart kan justerast etter avtale. Stillinga kan verte forlenga. Stillinga gjeld undervisning i animasjon, og rettleiing av praktiske og vitskapelege oppgåver. Den tilsette vil også undervise på dei andre bachelorstudia og masterprogrammet ved avdelinga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Høgskulelektor i pedagogikk - søknadsfrist 12. mai

Ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for pedagogikk er det ledig inntil to mellombelse stillingar for høgskulelektor i pedagogikk i tida 1.8.2022–31.7.2023. Det kan også vere aktuelt å tilsetje i deltidsstilling. Institutt for pedagogikk inkluderer barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning, rettleiarutdanning og mastergradene i spesialpedagogikk og barnehagekunnskap. I tillegg deltek også fagmiljøet i lokal kompetanseutvikling og i etter- og vidareutdanningstilbod. Det er 34 tilsette ved instituttet. Dei tilsette ved instituttet har brei kompetanse innanfor allmennpedagogikk, profesjonsretta pedagogikk og spesialpedagogikk, og har eit rikt og mangfaldig forskarmiljø med pågående prosjekt nasjonalt og internasjonalt. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønsker søkerar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Professor/dosent i matematikkdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikkdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)

5.5.2022: [Fagdag barnehage](#), HVO

5.5.2022: [Høgskulestyret](#)

7.-15.5.: [Bygdepride](#)

11.5.2022: HMS-dag på HVO

17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF

1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)

2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)

2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
9.6.2022: Sommaravslutning AKF
20.6.2022: Sommaravslutning ASH
22.6.2022: Sommaravslutning AMF

Hausten 2022:

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[50 år med mediefag: Attersyn fra Kjetil Tandstad - student på det første kullet av mediestudentar](#)
[50 år med mediefag: Festtale frå førsteamansis Endre Eidsaa Larsen](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)
[Twitter](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[HVO-bloggar](#)
[Nynorsksenterets blogg](#).
[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)